



Statens vegvesen

Ing. Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Karl Atle Taule

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Unn Jenny Utne Kvam / 55516243	Vår referanse: 16/29467-21	Dykkar referanse:	Vår dato: 03.11.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Førehandstilsegn – utvida bruk av avkørysle – fv. 402 Lurevegen – gnr. 172 bnr. 197 – Lindås kommune

Vi viser til e-post motteken 16.09.2016, synfaring 02.09.2016 og annan korrespondanse i saka.

Etter å ha motteke den siste e-posten frå dykk, har Statens vegvesen v/ Plan- og forvaltningsseksjonen drøfta vidare saksgang med Vegseksjonen hos oss og med Lindås kommune. Denne avkøryslesaka omhandlar endringar samanlikna med gjeldande reguleringsplan for området. Dette krev vedtak etter både plan- og bygningslova (kommunen) og veglova (vegvesenet).

På synfaringa 02.09.2016 vart problemstillingar som omhandlar tema på reguleringsplannivå avklara. Basert på desse avklaringane og teikninga vi mottok etterpå, fattar Statens vegvesen no eit vedtak om førehandstilsegn med krav om utbetring av avkørsela.

Neste steg i saksgangen vert at Lindås kommune kan handsame dispensasjonssøknaden som gjeld utbetring av avkørysle og etablering av fortau som ikkje er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Når det føreligg dispensasjon frå reguleringsplanen, kan Statens vegvesen inngå gjennomføringsavtale med tiltakshavar og godkjenne byggeplan.

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40–43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan pårekna bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkørysle for einebustad (1 bustadeining) under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Veg/stad: fv 402 – hp 2 – km 1,692 /gnr. 172 bnr. 197 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegsna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at omsøkt tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkørsla med tilhøyrande fortau vest for den (jamfør vedlagt teikning) skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoén på dette vedtaket, elles fell tilsegsna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt einebustad på gnr. 172 bnr. 197 før endeleg godkjent avkørsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.
3. Det skal inngåast ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og tiltakshavar om bygging av ny avkørsle og tilhøyrande fortau. Slike avtalar omfattar m.a. byggeplan. Vedlagt teikning (datert 16.09.2016) skal ligge til grunn for utarbeiding av byggeplan.
4. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til utbetring av avkørsla og etablering av fortau før Statens vegvesen har godkjent ein byggeplan for prosjektet, og det er inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.
5. Avkørsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg, som ligg på lovdata.no*.
6. Avkørsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkørsle.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.

Arbeidsvarsling

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 16/29467 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

Vidare saksgang

Kontaktperson for inngåing av gjennomføringsavtale og godkjenning av byggeplan er Arnljot Jordal (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland) arnljot.jordal@vegvesen.no, tlf 55 51 62 32.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, ta kontakt med sakshandsamar. Vi vil då kome på synfaring/kontroll før vi gjev bruksløyve. Endeleg godkjent avkørsleløyve vert sendt til søker, med kopi til kommunen.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".


Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Unn Jenny Utne Kvam

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
	(2) Dato
(3) Mottakar (namn og adresse)	(4) Klageinstans

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykker kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykker fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykker avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	